

ÅRSMELDING 2006

1. Særforbund

Sunnfjord Kajakklubb er medlem av Norsk Padleforbund

2. Styret dette året har vore

- | | |
|----------------------------|-------------|
| • Bjørn Henrik Færøy Odéen | Leiar |
| • Sissel Strømmen | Nestleiar |
| • Åsne Folstad | Kasserar |
| • Geir Alden | Styremedlem |
| • Guttorm Kleppe | Styremedlem |
| • Solveig Andersen | Vara |
| • Heidi Fureli | Vara |

Det har også i år vert 2 varamedlemmer til styret.

3. Medlemstal

Antall medlemmer pr 31.12.2006 var , her av kvinner og menn. Ein tilbakegang på medlemstalet på

4. Møteaktivitet

I tillegg til årsmøtet er det haldt 4 styremøter, og ein bowling kveld i Januar.

Bowling er andre gang det blir arrangert, og dette er eit veldig sosialt fint arrangement. Stor takk til dei som la ned mykje arbeid for at kvelden skulle bli vellukka med god mat og fine bilder fra turar.

Bra oppslutnad og ein hyggeleg kveld.

5. Viktige saker.

Arbeid med føreslått omdisponering av areal ved klubbnaustet. Her er det forslag til omregulering og store utbyggingar både av Opset Egedom, og utviding av kaiplassar av Førde båtklubb. SKK har komme med innspel til dette arbeidet, og det vil bli arbeidd vidare med dette i 2007.

Fortsette arbeidet med klubbnaustet, her er det ei eiga gruppe som organiserer og ordner med arbeidskraft til nødvendig arbeid.

6. Aktivitetar i 2006

Naustet

Arbeidsgruppe er satt, dei fortsetter med arbeid for å få ferdig naustet med fast golv, plass til meir kajakkar etc. Dette arbeidet er leia av Rune, Tore og Guttorm som gjer ein kjempejobb der.

Guttorm har også i år vert fast vedlikehalds mann, og hatt til tider bra med arbeid.



Trening.

Torsdagstreningsa går som før med variert oppmøte. Alt frå 2 til 20 stk, kjempeflott. Vi har hatt faste folk som ansvarlege på torsdagstreningsane i år, dette fungere svært bra. Bassengtrenings var det ein del av på starten av 2006. Slutten av 2006 har det kun vert 1 bassengøkt. Populært tiltak som ein må fortsette med.

Turar.

I år prøvde vi til med turplan igjen. Dei turane som var planlagde i regi klubben vart i år gjennomførte.

Nokre turar som vi var på i år.

- Sesongstart var 6 – 7 mai, Nærøyane ved Florø. Takk til Sissel som arrangerte denne, og hadde ordna flott innkvartering.
- Havpadlesymposiet i Bulandet, kjempeflott deltaking frå klubben. Flott helg med ulike tur/kursaktivitetar.
- Åreleiken i Nærøyfjorden
- Fossedalens dag.

Kurs

Det blei arrangert 2 nybegynner kurs i regi SKK. Første vart avlyst pga av for tidleg på året, det andre kurset blei gjennomført.

Introkurs er det også i år blitt haldt ein del av i fjæra ved Naustet. Deltakarane padler enten som hospitant eller dei venter no på neste kurs til våren.

28-30 april 2006 deltok SKK med stor stand på Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane si Vestnorsk villmarksmess i Førdehuset.

Der stilte vi med masse ulike båtar på stand ute, og søndag hadde vi open dag i bassenget der folk kunne komme og prøve kajakker. Frode Hallandvik fra ung aktiv prosjektet stilte med eigen stand attmed oss der han presenterte sine prosjekt med særleg vekt på elvepadling. Vi fekk mange posetive tilbakemeldingar på dette arrangementet.

7. Generelt i klubben

Elvepadling som vart omsnakka på årsmøtet 2005 har i år hatt ein stor framgang i klubben. Dette viser seg å kunne bli eit svært populært tiltak i SKK. Guttorm har vert ein pådrivar her med stor hjelp fra blant andre Frode Hallandvik og Anja

Heimeside.

Fortsatt leiger vi denne gjennom N3Sport, her gjer Guttorm ei flott jobb med å gje denne levande og god. Dette arbeidet forsetter vi med i same ånd og oppmoder klubbs medlemmer med å komme med ulikt stoff til denne. Vi skulle ønske at klubbmemeane nytta sida meir, slik at dette kan bli hovud kommunikasjonsforma for klubben.



Økonomi.

Denne er for tida svært god i klubben. Manglar fortsatt ein del arbeid med å få ferdig naustet, men vonar at dette ordnar seg i løpet av 2007. Dette kjem sjølvsagt litt an på kva som skjer med forslaget til reguleringsplan for området rundt naistet,

Omregulering av området rundt Naustet.

Det er varsla reguleringsendring av området rundt naustet. Dette inneber planar om ei stor kai som vil ta fjæra som vi nyttar til å komme oss på sjøen. Vidare er det store utvidings planar for båtlaget med masse nye båtplassar. Dette har vi tatt tak i, og sendt eit innspel til Førde kommune ved planutvalget. Dette arbeidet blir følgjt opp i året som kjem, her ligg det an til ei avgjere fra kommunen i løpet av våren.

Investeringar.

I 2006 var det beskjeden investeringar i kajakk og utstyr. Det er supplert med 8 nye neopren spruttrekk til båtane, og litt reservedeler.

8. Oppgåver for 2007.

Hovudoppgåva for våren 2007 blir å følgje opp forslaget til reguleringsendring for området ved naustet.

Fortsette arbeidet med naustet utover året.

Lage turplan for sesongen.

Arbeide med å få opp igjen antall betalande medlemmar.

For styret i SKK

Bjørn Henrik Færøy Odéen
Bygstad 18.02.07